



Deloitte AS

Dato: 20.02.2014  
Vår ref.: 2014/10496-5  
Dykkar ref.:

## **Vedtak i sak PS 11/14 - Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016 - Forslag til prosjeketplan**

Vedlagt følger vedtak i sak PS 11/14 frå møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 17.2.14.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014**

### **Handsaming i møtet**

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte prosjektplanen for evaluering av plan for selskapskontroll 2012 – 2016 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosjektplanen vart samrøystes vedteke.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for selskapskontroll, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for forvaltningsrevisjon og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i den føreslåtte prosjektplanen.
3. Kontrollutvalet ønskjer at prosessmøte i samband med dette arbeidet skal gjennomførast i møte 24.03.2014.
4. Kontrollutvalet sine medlemmar vert bedne om å tenkje i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.